



Etikkplakat for folkevalde i Voss herad

Som folkevald skal eg:

Skapa **tillit** ved å

- vera sannferdig i ord og handling
- vera open om eigne roller og vera merksam på eigen habilitet
- ikkje ta i mot gåver som kan påverka handlingane mine
- syta for likehandsaming

Vera **påliteleg** ved å

- bidra til ein open politisk debatt
- leggja til rette for ytringsfridom
- seia i frå om kritikkverdige tilhøve
- korrigera usanne opplysningar om politiske saker i samfunnsdebatten
- ikkje påverka sakshandsamarar direkte

Vera **inkluderande** ved å

- respektera andre folkevalde og tilsette i kommunen
- visa toleranse for kjønn, legning, etnisitet, funksjonsevne og livssyn
- sikra at alle vert verdsett, respektert og får ta del i fellesskapet
- leggja til rette for brukarmedverknad
- vera imøtekommende og lyttande
- ta vare på kvarandre